

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** fredag 22. februar 2019 10:55  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 8/2019, 22. FEBRUAR 2019.

### NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 8/2019, 22. FEBRUAR 2019.

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no). Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

---

### VOLDASTUDENTANE BEST PÅ GJENNOMFØRING AV BACHELOR

Nasjonal statistikk syner at også i 2018 er voldastudentane flinke til å kome seg gjennom bachelorutdanning utan forsinkingar. I 2018 var det ca 62 prosent av bachelorstudentane som gjennomførte på den normerte tida på 3 år. Av statlege høgskular og universitet var det berre Samisk høgskole som låg over Volda. For Høgskulen i Volda er det også klar betring i gjennomføring av masterutdanning. Ca 27 prosent av masterstudentane gjennomførte på normert tid mot 15 prosent året før. Men Volda er framleis høgskulen med lågast gjennomføringsgrad på master på normert tid.

### ØYVIND EIKSUND DISPUTERER VED MUSIKKHØGSKULEN

Tidlegare HVO-stipendiat Øyvind Eiksund ved Høgskulen i Volda vil 28. mars 2019 disputere ved Noregs musikkhøgskole. Avhandlinga har tittelen: "Koret som spenningsfelt: Mellom det små og det store". Prosjektet handlar blant anna om kva sunnmørsk korkultur har å seie for individ og lokalsamfunn. Eiksund er i dag tilsett ved NTNU. <https://www.ntnu.no/ansatte/oyvind.j.eiksund>

Meir om disputasen på nettsidene til musikkhøgskulen: <https://nmh.no/arrangementer/oyvind-eiksund--disputas>

### ENDRINGAR I PPU: STØRRE FLEKSIBILITET - FRAMLEIS MANGE FAG

Frå hausten 2019 vert det krav om mastergrad for opptak til PPU-allmennfag. Dette gjeld faga RLE, norsk, samfunnsfag, mediefag, realfag og framandspråk. For praktisk estetiske fag og yrkesfag gjeld framleis kravet om bachelorgrad eller tilsvarande. Desse nye krava kan føre til færre søkarar til PPU, og høgskulen prioriterer tiltak for å styrke rekrutteringa til studiet. Deltidsstudiet vert meir fleksibelt og dermed betre tilgjengeleg for studentar med lang reiseveg til Volda. Det er framleis mange faglærarar i vidaregåande opplæring, ungdomstrinnet og kulturskular i vår region som treng PPU. PPU-studiet vert difor eit viktig satsingsområde for HVO også i framtida.

Les meir om PPU her: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/humanistiske-fag-og-laerarutdanning/laerarutdanning/ppu>

### MASTER (1): VIL SØKE OM MASTER I BARNEHAGELÆRARUTDANNING

Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal lage søknad om akkreditering av ny masterutdanning i barnehagepedagogikk. Medlemmene av gruppa er dosent Bente Vatne, prodekan Anne Øie, professor Peder Haug og førsteamanuensis Torhild Høydalsvik. Bente Vatne leiar gruppa. Målsettinga er å levere søknad 15. september til NOKUT.

### MASTER (2): VIL SØKE OM ERFARINGSBASERT MASTER I GLU

Høgskulen vil også sende søknad om akkreditering av erfaringsbasert master i GLU. Søknadsfristen er 1. mars. Peder Haug og Pål Hamre leiar arbeidet.

### MASTER (3): MASTER I SKRIFTKULTUR

Til hausten vil Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning levere akkrediteringssøknad på ny master i skriftkultur.

### ARK 2018: RESULTAT PÅ GJENNOMSNITTET - LITE ENDRING SIDAN 2015

Arbeidsmiljøkartlegginga ARK i regi av NTNU vart gjennomført på HVO i fjor haust. Alle tilsette vart inviterte til å svare på ei spørjeundersøking om arbeidsmiljøet. I januar/februar 2019 har avdelingane og fellesadministrasjonen fått vite om resultatane frå spørjeundersøkinga og arbeidet med å tolke tal og å sette inn tiltak er i gang i samarbeid mellom tilsette og leiing. På HVO samla sett er vurderinga av arbeidsmiljøet positiv, og tala er omlag som ved førre undersøking i 2015. Både i 2015 og 2018 låg tala for HVO nokså nær gjennomsnittet for dei andre høgskulane og universiteta som er med i ARK. Det er likevel varierende resultat mellom ulike fagmiljø og avdelingar og fleire ting å ta tak i på HVO. Føremålet med ARK-undersøkinga er då også å vere eit verktøy for å arbeide systematisk og kontinuerleg med å styrke arbeidsmiljøet. Det var 219 av 348 inviterte HVO-tilsette som svarta på spørsmåla i undersøkinga.

#### **FORSKINGSUTVALET: 5 FOU-STIPEND FOR 2019**

Forskningsutvalet har tildelt 5 ekstra FoU-stipend som skal takast ut hausten 2019. Følgjande tilsette fekk FoU-stipend:

- Gudrun Kløve Juul (AHL) – lese-/skrivekunne og byrjaropplæring
- Gunhild Ring Olsen (AMF) – robotisering av journalistikken
- Jarle Pedersen (ASH) – rusmiddelavhengigheit og restitueringsprosessar
- Gerd Sylvi Steinnes (AHL) – barnehagepedagogikk
- Frode Sætre (AKF) – kystkultur (trebåtar)
- I tillegg får Wenke Mork Rogne FoU-stipend som ein del av professorstipendet ho er inne i.

Påminning: Søknadsfrist for FoU-stipend for 2020 er 30. april: <https://www.hivolda.no/forskning/stotteordningar/fou-stipend>

#### **KÅRE HEGGEN: LITE FUSJONSENTUSIASME**

Professor Kåre Heggen ved Høgskulen i Volda har skrive kronikk der han gjer opp status i strukturprosessen i høgare utdanning. Hans overskrift er: "Det er ikkje mange som framstillar fusjonane med entusiasme". Kronikken har vorte publisert i Klassekampen og Forskerforum.

<https://www.forskerforum.no/eg-har-snakka-med-ganske-mange-siste-aret-og-svara-er-pafallande-eintydige-det-er-ikkje-mange-som-framstiller-fusjonane-med-entusiasme/>

Heggen har også ved fleire tidlegare høve kommentert strukturprosessen:

<https://khrono.no/osland-distriktene-sps/eksperimentet-med-fusjoner/119362>

#### **PLANLEGGING BIBLIOTEK OG BOKHANDEL**

Leiinga har løyvt kr 120.000 til biblioteket for å gjennomføre ein studie som blant anna skal handle om brukarane og bruken av biblioteket og å legge ein plan for vidare utvikling. Bokhandelen kan også verte ein del av planen. Arbeidet vil bli eit prosjekt som skal støtte opp under den komande Campusutviklingsplanen og vil bli ferdig i løpet av hausten 2019.

#### **VELLUKKA HMS-DAG**

HMS-dagen hadde seksuell trakassering på dagsorden. Ca 50 tilsette deltok. Innleiarane frå Likestillings- og diskrimineringsombodet gjorde ein god jobb og hadde med seg gode spørsmål og case som igjen førte til gode diskusjonar og vonleg auka medvit om trakassering, grenser og internt regelverk.

#### **OMORGANISERING I FELLESADMINISTRASJONEN**

Sidan nyttår har Fellesadministrasjonen vore omorganisert. Her er dei nye kontora/einingane og leiarar:

**Biblioteket:** Biblioteksjef Mona Iren Auganæs

**Forskningsadministrasjonen:** Forskingssjef Henriette Hafsaas.

**IT-avdelinga (IT):** IT-sjef Stig Flåskjer

**Kommunikasjon:** Kommunikasjonssjef Line Lauvsnes Oddekalv.

**Personal- og dokumentforvaltning (PDF):** Personalsjef Randi Urke.

**Studieadministrasjonen:** Studiedirektør Gonnie Smit, avløyssande leiar er Ragnhild Paulsen.

**Økonomi og eigedom:** Økonomidirektør Ingunn Welle

Nokre tenester eller kontornamn kan vere greit å gjere særskilt greie for: Under studieadministrasjonen ligg også Internasjonalt kontor , tinging av undervisningsrom (rombooking i timeedit) og sentralbordet/studentsørvis. Det tidlegare dokumentsenteret er no saman med Personal- og dokumentforvaltning - som har den knakande gode forkortinga PDF. Løn og reiserekningar ligg også under personal- og dokumentforvaltning (PDF). Kontor for samfunnskontakt er borte fordi Kommunikasjon og Forskingsadministrasjonen etter å ha vore saman nokre år no er splitta opp att i to ulike kontor. Drift og hustrykkeriet er no ein del av kontoret for Økonomi/eigedom. Støttekontor for E-læring ligg framleis under IT-kontoret. Rektoratet/direktør har ingen sekretær eller konsulent som arbeider særskilt opp mot leiinga, så det er berre å ta direkte kontakt med rektor, prorektor eller direktør.

## **INTERNE KURS I ONEDRIVE OG SKYLAGRING**

Meta melder om kursing i Onedrive og skylagring 26., 27. og 28. februar.

<https://meta.hivolda.no/kurskalender/>

---

## **MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019**

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

21.-22.3.2019: Avdelingsseminar ASH

22.2.2019: NSD informerer forskingsutvalet og faglege leiarar om personvern i forskning.

7.3.2019: Styremøte nr 1/2019

17.3.2019: Symfoniorkesteret: Cinemagi. <https://www.hivolda.no/varkonsert-cinemagi>

28.3.2018: Disputas, Noregs musikkhøgskole, Øyvind Eiksund

29.3.2019: Etablering av Campusutviklingsforum i Volda

3.-4.4.2019: Solstrandseminaret, UH Nett Vest. <http://uhnettvest.no/>

10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning) <https://www.hivolda.no/its-volda>

23.-24.4.2019: Avdelingsseminar AMF

2.5.2019: Styremøte nr 2/2019

17.5.2019: Symfoniorkesteret: Nasjonal festkonsert. <https://www.hivolda.no/nasjonaldagskonsert-17-mai>

24.5.2019: Markering av at Yksnøya har vore friluftsbase i 40-år, Yksnøya

13.6.2019: Styremøte nr 3/2019

17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk. <https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>

19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering [www.fjordkonferansen.no](http://www.fjordkonferansen.no)

20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)

17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

## **HVO I MEDIA**

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendemedia og sosiale media:

[https://www.tintup.com/t/customer\\_2082469\\_hogskolenivolda](https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda)

Postjournalen: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/fellesadministrasjonen/dokumentsenteret/offentleg-journal>

## **LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA**

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

## **REKTORBLOGGEN**

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

## **HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.**

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering: <https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>